



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS  
Kvingebakkevegen 97  
5981 MASFJORDNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6441 - 14/22806

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

08.10.2014

## Førebels svar Trong for tilleggsinformasjon - gbnr 244/41 og 45 Eidsnes indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad den 12.09.2014.

Det vert også vist til tidlegare telefonsamtale der det vart gjort greie for at søknaden ikkje oppfyller vilkåra for 3 vekers sakshandsaming.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

1. Det går fram av søknaden at «omsøkte tiltak ligger i hovudsak på den del av felt KBA2 som ligg sør for tilkomstveg til bruk 5». Vi er usikre på om tiltaket berører andre område enn KBA2 og ber difor at tiltakets omfang vert vist på reguleringsplankartet. Vi gjer merksam på at søknaden vil måtte sendast på høyring til DSB (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap), jf. nabomerknad til gjennomført nabovarsling.
2. Det går fram av søknaden at «tiltaket vil bli avsluttet estetisk tilfredsstillende i overgang til tilstøtende områder». Det er ikkje sendt inn dokumentasjon på at punkt 1.9 i føresegnene er stetta: «Terrenginngrep skal gjerast mest mogleg skånsamt, Naturlege høgder og opphavleg terreng i planområdet skal så langt råd er takast vare på». Det er ikkje dokumentert at «tiltaket vil bli avsluttet estetisk tilfredsstillende i overgang til tilstøtende områder» jamfør også punkt 1.11.
3. Det går fram av søknaden at «omsøkte tiltak er forberedende for vidare utvikling av området og det er ingen bygningsmessig eller tekniske installasjoner med i dette tiltaket». Det vert vist til punkt 1.2 i føresegnene. Ved innsending av rammesøknad skal det leggest ved teikningar i målestokk 1:500 der det vert gjort greie for «infrastruktur, avkøyrslar, terreng, parkering og parkbelte». Vidare går det fram av punkt 1.3 (infrastruktur) at «planar for vegar skal vise korleis krava til vegteknisk standard blir oppfylt, [...]». Etter det vi kan sjå er ikkje krava i punkt 1.2 eller punkt 1.3 stetta.
4. Det går fram av søknaden at «avgravde løsmasser vil bli lagt i depot i norde del av KBA2», og at «eventuelle overskuddsmasser av sprengstein blir levert til ekstern mottaker». I rekkefølgekrava er det sett krav om at ved «innsending av rammesøknad for kart delfelt skal det føreligge Va-plan som skal godkjennast av kommunen, og massehandsamingsplan, jf. punkt 1.5.2 i føresegnene til

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



reguleringsplanen. Etter det vi kan sjå er ikkje krava i punkt 1.5.2 stetta. Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre ein avfallsplan etter punkt 1.6.

5. Vi kan ikkje sjå at lokal overvatnhandtering er vurdert eller dokumentert ved «detaljutforming og prosjektering av tiltak», jf. punkt 1.5

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 14.12.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Vi gjer merksam på at det kan vere andre manglar i saka.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Nordhordland Maritime  
Næringspark AS  
Spectra Norge AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN

**Mottakarar:**

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS    Kvingebakkevegen 5981  
97

MASFJORDNES